

Norges Naturvernforbund
Mariboesgt 8
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

NATURVERNFORBUNDET I TELEMARK
Vetle Mules vei 16, 3944 PORSGRUNN
telemark@naturvernforbundet.no

Nissedal/Oslo 18. august 2017

Olje- og energidepartementet, OED
postmottak@oed.dep.no

Norges Vassdrag- og energidirektorat
nve@nve.no

Klage på løyve til byggjing av Klovfoss kraftverk – Håtvæitåa, Nissedal kommune

Naturvernforbundet viser til Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt vedtak, datera 22.06.17.

Naturvernforbundet vil med dette klage på vedtaket, med fylgjande argumentasjon.

Naturvernforbundet vil først gje NVE ros for eit godt begrunna vedtak/avslag på konsesjon til Klovfoss kraftverk i forrige runde. Naturvernforbundet kan ikkje forstå at endringssøknaden gje grunnlag for løyve til utbygging av Klovfoss, slik NVE nå gjer. Naturvernforbundet er sterkt uenig i vedtaket, og stiller spørsmål ved NVE sin argumentasjon. Naturvernforbundet ber om at OED vurderar, og vektlegg, fylgjande moment og fakta.

Samla belastning:

Dette er eit viktig tema. Kva er så intenjonen, og definisjonen, for dette begrepet?

Naturvernforbundet viser til Store Norske leksikon, v/Ingvild Ulrikke Jakobsen – Universitetet i Tromsø, der vert samla belastning forklart på fylgjande måte:

«...Prinsippet om økosystemtilnærming/samlet belastning innebærer at påvirkningen et tiltak eller en aktivitet har på økosystemet må vurderes ut fra den samlede belastningen økosystemet blir utsatt for. Prinsippet har sitt utspring i internasjonal rett. Konvensjonen om biologisk mangfold forplikter partene til å sikre biologisk mangfold, det vil si herunder variasjonen av alt liv, herunder mangfoldet av arter, genetisk mangfold og mangfoldet av økosystemer.....»

«...Prinsippet om økosystemtilnærming følger også implesitt av Grunnloven § 112 som slår fast som en rettighet at enhver «har rett til miljø som sikrer helsen og til en natur der produksjonsevne og mangfold bevares.» I de senere år er prinsippet også inkorporert i nasjonal lovgivning, ved at det er lovfestet i Naturmangfoldloven § 10»

«... Det følger av Naturmangfoldloven §10 at «En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for,» Mens prinsippet her har en generell utforming slik at det får betydning i alle saker som har betydning for det biologiske mangfold.....»

«....prinsippet om samlet belastning/økosystemtilnærming er etter § 7 i **Naturmangfoldloven** et av flere miljørettslige prinsipper, slik som føre var prinsippet som skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet....»

«.... Lovfestingen av prinsippet om økosystemtilnærming/samlet belastning i **Naturmangfoldloven** innebærer at virkningen av et tiltak slik som petroleumsvirksomhet, bygging av veier eller gruvevirksomhet med videre, ikke kan vurderes isolert. Det følger av bestemmelsen og er også presisert i forarbeidene til loven at man må vurdere påvirkningen ut fra den samlede belastningen som allerede har skjedd gjennom tidligere påvirkninger og mulige framtidige påvirkninger.....»

Slik Naturvernforbundet ser saka og sakshandsaminga, er det dessverre nødvendig å minne om betydningen, og definisjonen av begrepet samla belastning. Skulle ikkje offentlege myndighetar/forvalningsorgan fylge opp dette, sit vi igjen med å prøve saka i rettssystemet. **Politiske føringer skal ikkje gå mot vedtekne lover og reglar.**

Naturvernforbundet meiner at NVE må argumentere langt meir konkret om kvifor dei meiner at samla belastning ikkje er nådd i dette området, enn det dei gjer i denne saka, likeeins Skagerak Energi. Det held ikkje å late som dei nærmast er sjokkera over at Fylkesmannen meiner grensa for samla belastning er nådd, og at dei synest «området langs Nisser framstår som fint».

Det det er snakk om her, er økosystem satt under press.

Skagerak Energi argumenterer som om nabovassdraget – det verna vassdraget Kilåa, fortsatt skal forblitt urørt. Naturvernforbundet vil minne Skagerak Energi om at dei fekk konsesjon for utbyggjing etter klage til OED, og med god hjelp av nettverksbruk, mot demokratiets intensjon, og på tross av at både NVE og Naturvernforbundet mente at utbyggjinga ville redusere verneverdiane. Men vi kan jo håpe at Skagerak Energi har lagt vekk desse utbyggjingsplanane.

Nisser er fylkets største innsjø frå naturen si side, dvs. når ein ser bort frå Møsvatn etter oppdemning/regulering. Nisser er både lokalt, regionalt og nasjonalt viktig.

Kva har så området/økosystema rundt Nisser måtte tålt av utbyggjingar fram til nå?

Vasskraftutbyggjingar:

Naurak, Trontveitåa, Frostdøl inkl. store demningar og neddemningar på heia, Grytåa, Lindefjellåa og Norbøåa. I tillegg kjem Suvdøla utbyggjinga, som berører store heirområder på Kyrkjebrygdheia. Så Skagerak Energi og NVE har rett når dei seier at området ber preg av mange utbyggjingar, slik det stod i den opprinnlege konsesjonssøknaden.

Hytteutbyggjingar

Det som også kjem i tillegg, er den massive hytteutbyggjinga langs Nisser, på det unike øylandskapet i Nisser og i heirområda i Nissedal og Kviteseid (Vrådal). Ja, ikkje nok med det, Nisser hyttegrend/Nisser Camping har starta med hytter bygd på pålar ute i Nisser – eigarane her er for øvrig ein av grunneigarane bak Klovfoss og Støyldalen utbyggjinga. Antalet på bygde hytter i området er over 2000, i tillegg kjem like mange godkjente ubebygde tomter. Det har også blitt bygd ein golfbane på nokre av øyane nord i Nisser.

Både hyttebyggjing – og golfbane, er arealkrevande tiltak, og belastar økosystemet/biologiske mangfaldet i sterk grad. Det har til og med Faun erkjent i enkelte rapportar dei har laga.

Intensjonen til begrepet samla belastning er som tidlegare nevnt, at ein skal sjå på tiltak samla ikkje isolera. **Naturvernforbundet meiner at grensa for den samla belastning utan tvil er nådd.**

I motsatt fall må OED, eventuelt NVE, konkret fortelje kor grensa går. Ellers så har begrepet samla belastning ingen praktisk konsekvens, det er bare ein politisk korrekt teori utan praktisk konsekvens. Kan, eller vil ikkje, dei offentlege forvalningsorgana formidle kor grensa for samla belastning går, så er vi tilbake til «bit for bit» forvaltning, det motsatte av heilskapleg forvaltning.

Samla belastning/økosystemtilnærming er eit av verktøya for å kome vekk frå «bit for bit» forvaltning av natur og naturressursar. Det er intensjonen bak etableringa av begrepet, og det er meint å brukast aktivt, for å nå politiske mål , les: ei berekraftig forvaltning av natur- og naturressursar.

Det er ein føresetnad at politiske føringer er i samsvar med lovverket.

Landskap og biologisk mangfald:

Naturvernforbundet vil understreke at ein må sjå heilskapleg på denne saka. Denne utbyggjinga handlar om to kraftverk, Klovfoss og Støyldalen. Når nå NVE har snudd, og gje løyve til Klovfoss kraftverk etter endringssøknaden, opnar dette også opp for ei utbyggjing av Støyldalen. Skagerak Energi har sagt at dei må få løyve for utbyggjing av begge, for at utbyggjing skal skje. Fleire høyningsinstansar har påpeika at ei utbyggjing av Klovfoss, og Støyldalen, får store landskapsverknadar. Dette har også NVE erkjent i sakshandsaminga. Dette endrar seg ikkje ved å flytte rørgata frå nordsida til sørsida av Klovfoss. Landskapsverknadane er ikkje isolert til turstigen på nordsida av elva, det er det kun utbyggjar og NVE som meiner. Naturvernforbundet er klar over at Friluftsrådet Sør omtala stigen, men dei skriv også at dei ikkje er lokalkjent i området. **Naturvernforbundet sin representant er lokalkjent.**

Landskapsverknadane handlar om det store landskapsromet Klovfoss er del av, og også Støyldalen. Det som er viktig å nevne i forhold til Støyldalen, er den lange rørgata over gamal slåttemyr. Naturvernforbundet viser til undersøkelsane vedr. dette temaet, som vart gjort av Bio Fokus, etter innspel frå Fylkesmannen og G.Fjone, desse viser at det faktisk er slåttemyr.

Naturvernforbundet vil også minne om NVE sin eigen rapport vedr. kvaliteten på biologisk mangfald rapportane – generelt. Der kom det fram at det var store underrapporteringar. Faun, som har laga biologisk mangfald rapporten i denne saka, var ein av dei som kom därleg ut. Dvs. store underrapporteringar. Det har kome krav om ein ny biologisk mangfaldsrapport frå G.Fjone i løpet av høyningsrunden. I den samanheng vil Naturvernforbundet vise til: **«Retningslinjer for små vannkraftverk»**. Her står det spesifikt at landskap og biomangfald er to viktige tema som NVE må utgreie grundig, og vektleggje deretter. Likevel finn NVE det ikkje nødvendig å ha ein supplerande undersøkelse vedr. biologisk mangfald i samband med endringssøknaden. Dette er kritikkverdig, og står i sterkt kontrast til **føre var prinsippet og samla belastning/økosystemtilnærming**.

NVE skriv at det er 3 km til Kyrkjebygda, eit av områda som Klovfoss er godt synleg frå, som om avstanden er så stor at det ikkje betyr så mykje. Dette er ei logisk kortslutning. Det at Klovfoss er godt synleg frå 3 km avstand , og lengre, viser kor stort og viktig landskapsrom vi talar om i denne saka. Dette landskapsromet ligg sentralt plassera langs Nisser, Telemarks naturleg største innsjø - lokalt, regionalt og nasjonalt viktig. Klovfoss er eit godt synleg og viktig element i dette landskapsromet. Naturvernforbundet viser til vedlagt bildedokumentasjon.

At utbyggjar og NVE fortsatt prøvar å «snakke ned» innverknaden Klovfoss , og denne utbyggjinga har på landskapet/landskapsromet, er bare trist og lite truverdig, sett opp mot fakta.

Samfunnsnytte:

I alle utbyggjingar vert argumentet arbeidsplassar bruka for alt det er verd, faktisk langt meir enn det er verd. Særleg ved utbyggjingar i distriktet blir dette argumentet bruka kynisk for å oppnå konsesjon.

Dessverre så blir dette vektlagt ukritisk av både lokale og sentrale myndighetar, utan å undersøke seriøst innhaldet i dette argumentet. Så også i denne saka. Ved å bruke dette argumentet på denne kyniske måten, gjer ein distrikta ein «bjørnetjeneste», og på sikt fattigare. Ikke minst på natur og naturopplevingar, som er distrikta sin viktigaste ressurs.

Naturvernforbundet vil vise til ein e-post frå Nisser hyttegrend og camping, som Skagerak Energi siterar frå, i samband med Naturvernforbundet si klage på Støyldalen kraftverk. Der kjem Nisser hytegrend og camping v/forfattar, som for øvrig er ein av grunneigarane i denne utbyggjinga, med denne påstanden:

«... et kraftverk vil vere nødvendig for å oppretthalde busetting....»

Denne påstanden manglar fullstendig truverde. Dette veit også den som har forfatta e-posten, og alle andre som forheld seg til fakta og etterrettleg argumentasjon. Likevel vert dette argumentet veklagt av NVE, både i klagehandsaminga , og ellers i sakshandsaminga av desse kraftverka, utan å kontrollere om det er hald i påstanden.

Naturvernforbundet sine argument i klagan vedrørende Støyldalen, og også argumenta til Naturvernforbundet i endringssøknaden vedrørende Klovfoss, forheld NVE seg slik til:

«...NVE kan ikke se at det er kommet frem nye opplysninger som gir grunnlag for å endre vårt vedtak...»

Forøvrig veldig likt kommentarane Skagerak Energi har til Naturvernforbundet si klagan. NVE avfeiar Naturvernforbundet sine argument på ein lettint og lite seriøs måte, i sterkt kontrast til måten dei forheld seg til utbyggjar`s argumentasjon. Difor er det relevant å peike på at NVE har endra standpunkt frå nei til utbyggjing, til ja, utan at det er kome fram nye opplysningar/endringar – les. fakta, i endringssøknaden som skulle tilsei denne snuoperasjonen. Dette er uforståleg, slik Naturvernforbundet ser det.

Naturvernforbundet vil også nevne eit argument som NVE ikkje har veklagt i det heile, og det er argumentet med den avgjerande samfunnsnytta det er å ha urørte vassdrag , kontra utbygde vassdrag. Det er av avgjerande betydning for storsamfunnet, bl.a. i forskings- og læringssamanheng. Dette er nok eit viktig argument for å bevare Håvitåa urørt, i eit område som ellers er sterkt prega av vasskraftutbyggjing.

Oppsummering:

Naturvernforbundet meiner fortsatt at ulempen er langt større enn nytten ved utbyggjing av desse to kraftverka. Sett i eit langsiktig, heilskapleg og økosystemtilnærming perspektiv, noko som er NVE og OED si oppgåve å sørge for skjer med sine vedtak. Langsiktig og god forvaltning tilsei også at før ein legg fleire vassdrag i rør, må ein sørge for oppgradering av gamle kraftverk.

Naturvernforbundet ber om at OED gjennomfører ei sluttbefaring av begge utbyggjingane før det vert fatta vedtak i klagesaka. Sett på bakgrunn av stor uenighet om konsekvensane av ei utbyggjing, samt at NVE også i løpet av prosessen har endra standpunkt. Fylkesmannen støtter også Naturvernforbundet si meinig om at samla belastning er nådd. Dette har NVE og Skagerak Energi lettint avfeia, utan ei seriøs vurdering. Biologisk mangfold rapport med store manglar. Jamfør Faun sin rapport og Bio Fokus tilleggsnotat, som påviser at store naturverdiar er «utegløymt» av Faun. Td. gamle slåttemyrar.

NVE begrunna avslaget av Klovfoss i forrige runde med omsynet til Nisser`s landskapsrom. Ingen avbøtande tiltak som NVE foreslår nå, kan rettferdigjøre den «snuoperasjonen» dei gjer ved handsaminga av endringssøknaden.

Vedlagt er 3 bilder fra Klovfoss

Maren Esmark
generalsekretær
Norges Naturvernforbund

Sign.


Tormod Svartal
leder
Naturvernforbundet i Telemark

Torfinn Sanden
styremedlem
Naturvernforbundet i Telemark

Bilda er tatt med standard objektiv av amatørfotgraf. Bilda forsøker å vise Klovfoss - «den usynleg fossen», og delar av landskapsromet – «det ubetydlege landskapsromet» jamfør utbyggjar, på ein mest mogleg realistisk måte. Vassføringa når bilda vart tekne er låg/liten, tatt i august 2017.



Bilde 1 Klovfoss . Bildet tekje frå Riksveg 41 Kyrkjebygda - Syftestad.



Bilde 2: Klovfoss i bakgrunnen. Bilde tekje frå vegen opp gjennom Kyrkjebygda.



Bilde 3 Klovfoss og mindre foss lenger opp i Håtvæitåa. Bildet tekje frå Kyrkjebygda - Nesheivegen